

KORTREIST KUNNSKAP I KOMBINASJONSBIBLIOTEK

Sluttrapport

Innhold

Om prosjektet	3
Første delmål.....	4
Andre delmål	6
Tredje delmål.....	6
Reise til Trøndelag i november 2022	7
Økonomi.....	8
Rekneskap Kortreist kunnskap i kombinasjonsbibliotek.....	8
Reise til Trøndelag - rapport.....	9

Om prosjektet

Bibliotekutvikling i Vestland fylkeskommune fekk i brev av 13.04.2021 tildelt 125 000 til gjennomføring av Kortreist kunnskap i kombinasjonsbibliotek (saksreferanse 2022/54171).

Prosjektet blei starta opp i mai 2021 og avslutta i desember 2022.

Det omfatta fem folkebibliotek i Vestland som også er skulebibliotek for vidaregåande skule. Prosjektet skulle utforske nye måtar å samarbeide på mellom folke- og skulebiblioteket og utvikle arrangement og tiltak for ulike målgrupper i folkebiblioteket, med utgangspunkt i fagmiljøet på skulen. Dette for å synleggjere folkebiblioteka sitt innhald som opplysnings- og danningstinstitusjonar for skulen og skulen sin kompetanse for folkebiblioteket sine brukarar.

Første delmål

Det skal utviklast arrangement og tiltak for ulike målgrupper i folkebiblioteket med utgangspunkt i fagmiljøet på skulen

Gjennom prosjektet har vi sett at skulen sitt kompetansemiljø utgjer ein ressurs folkebiblioteka i stor grad kan dra nytte av, men at det fordrar at nokre forutsetningar er til stades.

Dei fem skulane/folkebiblioteka som var med i prosjektet var Fitjar vgs i Fitjar kommune, Firda gymnas i Gloppen kommune, Eid vgs i Stad kommune, Stryn vgs i Stryn kommune og Åsane vgs i Bergen kommune.

	Aktivitet som har fått prosjektmidlar	Detaljar om aktivitet	Deltaking på studiereise til Trøndelag
Eid	Økonomisk støtte til elevutstilling.	Utstilling laga av elevar, det blei gitt støtte til materialar.	Nei
Firda	Lærarforedrag, honorar til foredragshaldarar	Foredragserie «Kortreist kunnskap: Firdaforedraget».	Nei
Fitjar	Ikkje gjennomført noko		Ja
Stryn	Lærarforedrag, honorar til foredragshaldarar	Foredragsserie	Nei
Åsane	Ikkje gjennomført noko		Ja

Stad bibliotek (hovudbibliotek i Nordfjordeid)/Eid vgs er lokalisert i Operahuset i Nordfjord, med ein moderne scene med mange oppsetjingar. Skulen har tradisjon for å samarbeide med Operahuset - dei inkluderer elevane i arbeid med oppsetjingane, både når det gjeld kostymer og kulisser. Biblioteket har i mindre grad vore involvert i dette samarbeidet, men har i prosjektperioden hatt ei utstilling («Gruffalo»), som elevar på Interiør- og eksponeringsdesignfaget står bak. Utstillinga fekk støtte frå prosjektet til materialar, og blei seinare sendt rundt til dei tre filialane i kommunen.

Firda vgs/Gloppen bibliotek er del av eit større bygningskompleks sentralt i bygda Sandane, kalla Trivselshagen. Det er det eldste kombinasjonsbiblioteket i prosjektgruppa. I prosjektperioden har biblioteket arrangert lærarforedrag i serien «Kortreist kunnskap: Firdaforedraget», ope for alle. Lærarane er tilsette ved skulen og har fått honorar for foredraga.

Fitjar vgs/bibliotek er delt mellom to bygg sentralt i Fitjar kommunesentrum. Samarbeidet mellom skule og bibliotek er godt, og dei hadde planar om å engasjere elevar innan Barne- og ungdomsarbeidarfaget i samband med arrangement for barn. Men det er knappe personalressursar, og grunna langvarig sjukdom blei det ikkje noko av.

Stryn vgs/bibliotek er samlokalisert i Stryn sentrum. Også her er samarbeidet med skule og bibliotek godt etablert, og i likskap med Firda har dei arrangert ein serie lærarforedrag i 2022.

Åsane vgs/bibliotek er det nyaste og største kombinasjonsbiblioteket som er knytt til prosjektet, med ni tilsette i ein bydel i Bergen med meir enn 40000 innbyggjarar. Dei har ikkje arrangert noko i prosjektperioden. Åsane har gode lokalar og personalressursar, men vi ser at det kan vere utfordrande å etablere kultur for eit kombinasjonsbibliotek på ein så stor skule (1500 elevar). Skulepersonalet er mykje større enn bibliotekpersonalet, og det kan vere vanskeleg å knytte kontaktar.

Skulen blei etablert i 2020, kombinasjonsbiblioteket blei etablert samstundes. I tillegg til utfordringane nemnt ovanfor, har Covid bidratt til at det har vore dårlege føresetnader for oppstart av samarbeid mellom kombinasjonsbibliotek og skule.

Vi ser også at effekten av å vere eit kunnskapssentrum er mindre i ein bydel i ein stor by, enn i eit mindre lokalsamfunn, som i til dømes Sandane. Eit lærarforedrag eller ei elevutstilling kan lett bleikne i samanlikning med større arrangement på til dømes hovudbiblioteket i Bergen.

Begge kombinasjonsbiblioteka som satsa på lærarforedrag har sentral plassering i mindre lokalsamfunn. Dei har hatt gode publikumstal og ønsker å fortsette med same type arrangement. Lærarforedrag har vist seg å vere eit godt, kortreist alternativ til å invitere inn foredragshaldarar utanfrå, og vi ser at dei to foredragsseriane er noko av det mest vellukka ved prosjektet.

Andre delmål

Folkebiblioteket sine tenester og tilbod skal bli synleg for større grupper av elevar og tilsette på skulen, og at det skal føre til auka bruk av biblioteket sine ressursar.

Dette har vi dessverre ikkje gode tal på at har skjedd, mest grunna situasjonen rundt Covid-nedstengingane. Men det er grunn til å tru at auka aktivitet/arrangementverksemd i biblioteka fører til meir synlegheit hos elevar og tilsette ved skulane.

Tredje delmål

Etablere fagleg nettverk mellom bibliotek som er kombinerte folkebibliotek og skulebibliotek for vidaregåande skule.

I prosjektperioden har dei fem samarbeidsbiblioteka og prosjektkoordinator hatt to faglege samlingar, ei i sørfylket i november 2021 (Bergen/Fitjar) og ei i nordfylket i mars 2022 (Nordfjord). Desse to samlingane har vore verdfulle med tanke på å knyte saman dei tilsette ved kombinasjonsbibliotek som kjennar på dei same utfordringane. Samtidig ser vi at storleik på skule/lokalsamfunn og personalressursar gjer kvardagen til dei ulike kombinasjonsbiblioteka svært ulike, og at ikkje alle erfaringar er overførbare.

Ein god effekt av samarbeidet mellom skulane, er at det er blitt oppretta kontakt på tvers av tidlegare fylkesgrenser. Sogn og Fjordane og Hordaland har hatt ulike kulturar knytt til bibliotek i vidaregåande skular. I løpet av prosjektperioden har vi lært litt meir om styrkar og svakheiter ved desse kulturane.

Reise til Trøndelag i november 2022

Studiereisa gjekk til tre kombinasjonsbibliotek i Inderøya, Meråker og Malvik. Rapport frå reisa er vedlagt.

Sidan ikkje alle i prosjektgruppa kunne vere med til Trøndelag, grunna personalsituasjon og sjukdom, så vi valde å invitere med skulebibliotekar ved Kvam vgs og leiar for Kvam folkebibliotek. Dei planlegg i desse dagar nytt kombinasjonsbibliotek i Kvam herad, det skal stå ferdig i 2026, og dei hausta mange nyttige erfaringar på turen.

Trøndelag har tradisjon for samarbeid mellom skular og bibliotek på tvers av fleire forvaltingsnivå, dvs at eit bibliotek kan vere kombinasjonsbibliotek både for vidaregåande, ungdomsskule og barneskule på ein gong (døme Inderøy). I Sogn og Fjordane og Hordaland og no i Vestland har det vore tettare skott mellom fylkeskommune og kommune, og det er ingen slike døme i vårt fylke. Denne problemstillinga ser vi kan vere grunnlag for eit framtidig prosjekt.

Trøndelag si breie erfaring har vore svært interessant å lære meir om, og aktualiserte også eit underordna mål i prosjektet - om det er rom for å etablere eit fagforum for kombinasjonsbiblioteka i heile landet. Dette spørsmålet er delvis svara på i samarbeidsgruppa «nasjonal utviklingsgruppe for skolebibliotek i vgs» som blei starta opp våren 2021 av Trøndelag fylkesbibliotek, og vidareført som eit samarbeid mellom alle fylkesbiblioteka. I gruppa har kombinasjonsbibliotek vore tema ved fleire høve - vårt prosjekt blei til dømes presentert i gruppa 11.03.2022.

Konklusjonen har så langt vore at det ikkje er naudsynt med eit eige nasjonalt forum for kombinasjonsbibliotek, så lenge erfaringsdelinga blir ivaretatt innanfor den nasjonale utviklingsgruppa.

Prosjektet har også vore presentert ved andre høve, mellom anna i fagleg samling med tilsette i kombinasjonsbibliotek i Viken fylkeskommune 13.12.2021.

Økonomi

Sjå vedlagte rekneskap. Ambisjonen vår har vore at mesteparten av tildelinga skulle gå til aktivitet på kombinasjonsbiblioteka. Som nemnt ovanfor blei det mindre aktivitet enn forventta, og difor søkte vi i fjor vår om å få utsett prosjektet til årsskiftet 2022/23, og bruke nokre av restmidlane til studiereisa til Trøndelag i november 22.

Det er framleis restmidlar i prosjektet, 26126,-. Midlane vil bli disponert til til formålet i prosjektet, fordelt på dei fem skulane. Erfaringane med prosjektet viser at når forholda ligg til rette for det, er det rom for vellukka samarbeid mellom skule- og folkebibliotek. Vi ønsker at dei skulane som ikkje har hatt moglegheit til å nytte midlar i prosjektperioden, skal få ny sjanse til det i 2023.

Ei fortsetjing av aktivitetane i prosjektet er no overlata til dei einskilde biblioteka. Seksjon for bibliotekutvikling vil framleis legge til rette for samarbeid mellom og vidareutvikling av kombinasjonsbiblioteka i Vestland fylke, gjennom aktuelle kurs, felles Teamsgruppe og samarbeid internt med opplæringsavdelinga i fylkeskommunen.

Rekneskap Kortreist kunnskap i kombinasjonsbibliotek

Aktivitetar

Gloppen kommune, honorarar	22000
Stryn kommune, honorarar	14000
Stad kommune, utstillingskostnadar	950

Samlingar/studiereise

Mat/servering	6708
Reise, inkl hotell	50218
Leiebil/bilgodtgjersle	4913

Rest, overført til 2023	26 126
	<u>124915</u>

Studietur til tre bibliotek som samarbeider med vidaregåande skule – Inderøya, Meråker og Malvik i Trøndelag fylke.

02.-04. november 2022

Fullstendig program vedlagt.

Deltakarar på turen:

Åsmund Havnås - Åsane bibliotek, Bergen kommune

Astrid Holmefjord - Kvam vgs, Vestland fylkeskommune

Rita Hindersland Huse - Fitjar vgs, Vestland fylkeskommune

Astrid Sundset Moe - Seksjon for bibliotekutvikling, Vestland fylkeskommune

Ragna Helene Soldal - Kvam bibliotek, Kvam herad

Anne Haugen Pihl - Seksjon for bibliotekutvikling, Vestland fylkeskommune

Reisa blei gjort som ein del av prosjektet «Kortreist kunnskap i kombinasjonsbibliotek». Eit mål i prosjektet er å lære meir om korleis samarbeidet mellom skule og folkebibliotek kan bidra til å utvikle lokalsamfunn, og gi elevar og tilsette ved vidaregåande skular eit betre bibliotektilbod. Prosjektet er støtta av Nasjonalbiblioteket.


Trøndelag har brei erfaring med kombinasjonsbibliotek, og er det fylket i landet som har flest slike på vidaregåande nivå. Dermed var dette fylket eit naturleg mål for ein studietur.

Inderøy vgs/folkebibliotek, 02.11.2022:

Vi traff biblioteksjef Ane Vestby Øiesvold på møtet, og fekk omvising på skulen.

Kombinasjonsbiblioteket ligg i Inderøy kommune (ca 6800 innbyggjarar), om lag to timer med bil frå Trondheim. Det er plassert i kulturhus Akset, eit stort bygg som rommer Sakshaug skole, Inderøy ungdomsskole, Inderøy bibliotek, Inderøy kulturskole og Inderøy kulturhus (som blei kommunalt AS hausten 2016), pluss vidaregåande skule.

AKSET kultur- og skolesamfunn



[skolesamfunn/1289896/](https://www.skolesamfunn/1289896/)

Den samla elevmassen er på om lag 730 og det er ca 150 tilsette. Vgs har 155 elevar - fag musikk, dans og drama, i tillegg til noko studiespesialisering og helse/oppvekst.

Biblioteket har fem tilsette, tre i full stilling, og det fungerer som skulebibliotek for alle tre skuler. Ei stilling er betalt av skulane.

Bildet under: <https://www.bygg.no/akset-kultur-og->



Biblioteksjefen er med på møter kvar veke i samarbeidsorgan for kulturhuset. Ho var bevisst på verdien av tenestene biblioteket leverte til skulane, og at om det kom forsøk på nedskjæringar (på stillingar), ville ho seie klart frå om kva skulene ville tape.

Det finst ein strategiplan som regulerer samarbeidet i Akset. Dei har også ein samarbeidsplan mellom skule og bibliotek, den blir revidert i desse dagar.

Biblioteksjef Ane Vestby Øiesvold (til høgre på bilde) viste rundt. Foto Anne Pihl.



Meråker vgs og folkebibliotek, 03.11.2022:

Meråker bibliotek og vidaregåande skule ligg i same bygg sentralt i tettstedet/kommunen Meråker. Arena Meråker/Meråkerhallen er lokalisert på same plass, og det er eit tett samarbeid mellom dei.

På møtet traff vi biblioteksjef Anne Marken og vgs-rector Bjørg Sissel Kvannli, og fekk omvising på skulen av driftsleiar Ole Erling Beitland. Malin Kvam frå Trøndelag fylkesbibliotek var også med på dette skulebesøket.



Innandørs, høgteknologisk skytebane. Foto Astrid Holmefjord.

Meråker kommune har om lag 2500 innbyggjarar, biblioteket er meirope, med 2,7 stillingar - 0,67 stilling av desse er betalt av grunnskolen, og 0,50 stilling betalt av vgs.

Biblioteket er på om lag 550 kvm, og fungerer som skulebibliotek for både grunnskule (ca 200 elever) og Meråker videregående (ca 160 elever). Grunnskulen ligg nokre hundre meter unna, og har faste dagar dei kjem til biblioteket. Sdan vidaregåande skule er plassert i same bygg som biblioteket, kjem og går elevane når det passar dei. I tillegg er det 40 studenter ved NORD universitet knytt til skulebygget (nokon av dei utenlandske).



Meråker bibliotek. Foto Astrid Holmefjord

Skulen er eit "skigymnas" og har tett samarbeid med Nord universitetet og forskarar på NTNU, elevane kjem fra hele landet slik at 85% bor på hybel. Begrepet "Hvit næring" blei brukt om aktivitetane skule- og lokalsamfunn driv med - langrenn, skiskyting, mm.

Bibliotek tilbyr mellom anna leksehjelp og spillkvelder til skulane. Samarbeid mellom vgs og bibliotek er regulert i ukentlege driftsmøte, og i ein samarbeidsavtale som blir revidert årleg. I tillegg til den halve stillinga, betalar vgs 25000 til ekstra bokbudsjett.

Bibliotek/vgs har i tillegg til driftsavtale eit årshjul. Begge er vedlagt rapporten, som praktiske døme på korleis ein kan løyse eit slikt samarbeid.

Malvik vgs og folkebibliotek 04.11.2022



Malvik bibliotek. Foto Astrid Holmefjord.

Møte med biblioteksjef Katrine Herringbotn, og skulebibliotekar Anne Margrete Sjøflot. Rektor Sigrud Marumsrud var til stades ein kort stund.

Malvik kommune har 15000 innbyggere, den vidaregåande skulen har 440 elevar,. Vgs og folkebiblioteket i Malvik blei samlokalisert i 2006, først med to parallelle samlingar/system, men etter kvart slått saman til eitt.

Ved hovedbiblioteket og filial Vikhammer er det til saman 4.9 stillinger, skolebibliotekar i 80%. Biblioteket er ope 6 dagar i veka, og kan bruke skulens lokaler også i helgene.

Skulen ligg i same bygg som biblioteket, og dei deler inngang. Biblioteket leier lokala av vgs. Biblioteket får 54000 kr frå skulen til bøker, som berre bruker fysiske lærebøker, dvs ingen digitale lisensar, bortsett frå om elev har krav på grunna dysleksi el.liknande.



Skulebibliotekar Anne Margrete Sjøflot (bakerst til venstre) viste rundt. Foto Anne Pihl.

Biblioteksjefen er god på å søke midler, og har mellom anna fått 90000 frå Nasjonalbiblioteket til samarbeidsprosjekt [Framtidens frøbibliotek](#). Prosjektet tek utgangspunkt i frøbiblioteket på biblioteket, og involverer barnehage, grunnskole og vgs.

Skulebibliotekar er ikkje med i formelle samarbeidsorgan fordi den uformelle kommunikasjonen er så god, men i byrjinga av samarbeidet var møter viktigare. Det fins avtaler, men dei blir ikke brukt i det daglege og er ikkje blitt revidert.





Foto Anne Pihl.

Filialen Vikhammer er knytt opp mot ungdomsskolen med same namn. I løpet av 2023 kjem det nytt ungdomsskulebygg, som skal vere del av Vikhammer kulturhus – som også skal huse bibliotek.

I samband med dette er bibliotek og skule i gong med prosjektet "Samarbeidshjulet – kombinasjonsbibliotek fra plan til praksis" med bibliotekmeny (opplegg lånt frå Skaun folkebibliotek).



vestlandfylke.no